



# ÅRSMELDING 2017

---

## ÅRSMELDING

### IL JOTUN HANDBALL

*for perioden*

*1. januar 2017 til 31. desember 2017*

---

## PÅ VEG MOT HUNDRE!



---

**Postadresse**  
IL Jotun  
Postboks 65  
6882 Øvre Årdal

**Besøksadresse**  
Jotunhuset, Øvre Årdal  
**E-Post**  
post@iljotun.no

[www.iljotun.no](http://www.iljotun.no)

**Bank**  
3730.25.00208  
**Foretaksregisteret**  
975 702 308



## 1 STYRET SI SAMANSETNING FRÅ 2017 TIL 2018

Leiar:	Gunnar Christian Huse
Nest leiar:	Terje Moe
Sekretær:	Anita Øvstetun
Økonomleiar Aldersbestemt	Unni Natvik Nesse
Økonomleiar Senior	Reidun Myrland
Styremedlem sportsleg utval	Vibeke Fusche Moe
Styremedlem	Veronica Øyre
Styremedlem	Henriette Fortun

## 2 GRUPPER – UTVAL – KOMITEAR

Sportsleg utval: Tonje Stølen Moen, Monica Offerdal, Vibeke Fusche Moe, Heidi Svori, Hilde Midtun, Therese Lægreid, Jannicke Øyre Nundal, Harald Husabø og Lene Høsøien.

Sportsplanen som trenarforum har jobba godt med må vi få ferdigstilt og informert trenarane om slik at dei kan begynna å bruka den inn mot neste sesong.

Basarnemnda: Veronica Øyre og Henriette Forthun, Ann Siri Øvregard, Anne Lise Øy, Helene Lindborg, Gry Hestetun, Marianne Hellebø, Ellen Veum, Jorunn Smedegård, Bente Myrland, Anita Laberg Øvstetun, Reidun Myrland, Unni Natvik Nesse og Irene Rud.

Ansvar minihandball: Yvonne Finnebotten og Elin Haug.

Ansvar for kiosk/lager: Tildelt J-12.

## 3 MØTE, ARRANGEMENT OG ANDRE AKTIVITETAR

### Styremøte:

Det har vært 11 styremøter i løpet av 2017, det var to møter før Årsmøtet og etter årsmøte har det vært 9 styremøter. Det har våre ca eit styremøte kvar måned.

Utover dette samarbeider styremedlemene gjennom e-post. I tillegg har det vært litt kontakt med Åtil, for å organisering rundt dei samarbeidslaga vi har saman.

### Andre møter:

Det har vore halde informasjons-/oppstartsmøte med aldersbestemte trenarar og støtteapparat før sesongstart. Og oppstartsmøte med seniorspelarar

Leiar i gruppa har delteke på hovudstyremøta, og Harald Wahlquist har delteke på møta i anleggsutvalet i Jotun.

---

<b>Postadresse</b>	<b>Besøksadresse</b>	<b>Telefon</b>	<b>Bank</b>
IL Jotun	Jotunhuset, Øvre Årdal		3730.25.00208
Postboks 65	<b>E-Post</b>	<b>Telefaks</b>	<b>Foretaksregisteret</b>
6882 Øvre Årdal	post@iljotun.no		975 702 308

Tal inntektsgeivande arrangement:

**Kamplotteri:** Det har våre 3 kamplotteri i 2017.

**Basar:** Den årlege basaren vart gjennomført 06.12.17. og gav nok ein gong gode inntekter for handballen. Folk er utruleg flinke til å møta opp og støtta oss. Det var fullt hus også i år. Takk til alle som bidrog med mange flotte gevinstar.

Aktivitetar:**Turnering:**

I år deltok alle dei aldersbestemte laga på Voss-cup. Erfaring som er gjort frå denne cupen i år, er at dei eldste laga ynskjer å delta på ein større cup. Jente 15 deltok på Fredrikstad-cup. Gode tilbakemeldinga frå denne cupen.

**Minihandball:**

1. – 4. klassingane har hatt tilbod om å delta på tre minihandballturneringar denne sesongen i Årdalshallen, Tangenhallen, og i Aurland. Nytt av i år er at også 1. klassingane fekk tilbod. Denne sesongen med minihandball har regionen styrt påmeldingar, reservert plass i idrettshallar og laga kampoppsett. Målet har vore å få opp interessa for handball i 1. – 4. klasse. Foreldra som har vore ansvarlege for minihandballen i år er misfornøgde med opplegget frå regionen. Dei har gjort seg erfaringar og ynskjer å gje innspel til korleis desse turneringane kan planleggast og avviklast neste sesong.

**Handballdag:**

IL Jotun handball arrangererte den 27.juni handballdag med Hege Bakken Wahlquist og Torbjørn Bergerud for aldersbestemt handball. Det var treningsøker med Hege og Torbjørn i Årdalshallen i løpet av dagen og litt forfriskingar som frukt og juice. 14 stykke deltok i fyrste gruppe (årskullet 2006 til 2005) og 18 stykke i andre gruppe (årskull 2004-2000). Både gutar og jenter frå både Jotun og ÅTIL handball. Det var lydhørde og ivrige handballspelar som hadde ein flott dag i Årdalshallen.

## 4 SAKER OG SPONSORAR

**Sponsorar:**

Følgjande verksemder er IL Jotun sine hovudsponsorar:

- Indre Sogn Sparebank (felles med hovudlaget)
- Årdal Energi KF (felles med hovudlaget)
- Årdalsnett (felles med hovudlaget)

IL Jotun Handball er blitt støtta med gåver til basar og kamplotteri frå fleire bedrifter. Vi ønsker å takke alle bedrifter og næringsdrivande som har støtta oss. IL Jotun Handball ønsker spesielt å takke alle privatsponsorane for støtta.

---

<b>Postadresse</b>	<b>Besøksadresse</b>	<b>Telefon</b>	<b>Bank</b>
IL Jotun	Jotunhuset, Øvre Årdal		3730.25.00208
Postboks 65	<b>E-Post</b>	<b>Telefaks</b>	<b>Foretaksregisteret</b>
6882 Øvre Årdal	post@iljotun.no		975 702 308



I tillegg til hovedsponsorar har Senior følgjande sponsorar:

- Lerum Kleiven Sogn
- Sogn Avis Elektromontasje AS
- HMR Nordbohus Sogn
- BDO Sogn Opplæringskontor
- Mekkonomen Byggmakker Andersen
- Caverion Sogn Skadeservice
- Olav O Hæreid Toyota Sogn
- Aardal Plast Indre Sogn Bil
- Sportshuset Årdal Sparebanken Sogn og Fjordane
- Sparebank1

## 5 MEDLEMSTAL

Ved utgangen av 2017 har aldersbestemt 102 medlemar og senior 85 medlemar. Dette medlemstalet er inklusiv trenarar og støtteapparat. Samla utgjør dette 187 medlemar.

IL Jotun Handball merker at det vert stadig færre ungar som spelar handball, og spesielt på gutesida. Det er viktig at det vert jobba med rekruttering framover, og godt samarbeid med dei andre gruppene i idrettslaget er nødvendig. Jotun har tilbod på J10-15 på jentesida og G10.

Antall seniorspelarar som har vore med er 18 stk i frå alderen 15 og opp til 37.

## 6 TRENARAR/STØTTEAPPARAT/ORGANISASJON

Desse er trenarar og støtteapparat for laga:

Lag	Trenar	Oppmann	Foreldre-kontakt
G10	Tonje Stølen Moen, Monica Offerdal	Jorunn Smedegård	Elin Høl Furebotn
J10	Vibeke F. Moe	Ann Siri Øvregard	
J11	Vibeke F. Moe og Jannicke Øyre	Anne Lise Øy	Helene Lindborg
J12	Heidi Svori / Kjetil Einan	Bente Sissel Myrland	Gry Hestetun
J13/14	Therese Læg Reid / Hilde Midtun	Marianne Sandvik	Marianne Vee Hellebø
J15	Harald Husabø / Ingvald Eriksen	Ellen Veum/Merete Ylvisåker	
Senior	Lene Høsøien	Susanne Myrland	

**Postadresse**  
IL Jotun  
Postboks 65  
6882 Øvre Årdal

**Besøksadresse**  
Jotunhuset, Øvre Årdal  
**E-Post**  
post@iljotun.no

**Telefon**  
**Telefaks**

**Bank**  
3730.25.00208  
**Foretaksregisteret**  
975 702 308



Føljande lister er reviderte av styret i løpet av sesongen:

- Informasjonsbrosjyre for IL Jotun aldersbestemt handball
- årshjul
- arrangørdagbok vår og haust
- oversikt over alle trenarar og støtteapparat med e-post-adresser og telefonnummer
- laglister med kontaktinformasjon til føresette
- arrangementsliste for heimekampar
- oppmannsperm

## 7 UTDANNING

Vi har i år hatt opplæring på kva oppgåver som skal gjerast når ein sit i sekretariatet under kampar. Det blei haldt dommarkurs i august 2017. Me fekk ein ny dommar frå IL Jotun.

## 8 REPRESENTASJON

Reidun Myrland har vore på 2 sonemøter i Sogn og regionsting i Bergen i regi av Region-Vest.

## 9 SPORTSLEGE RESULTAT

IL Jotun Handball kan syna til gode sportslege resultat i 2017 for både store og små.

Kvart lag har skreve nokre ord om laget sitt – sjå vedlegg.

## 10 ØKONOMI

### Aldersbestemt:

IL Jotun aldersbestemt handball har ein sunn og god økonomi. Likviditeten er svært god. Årets inntekter kjem frå tildeling av sponsormidlar, refusjon av treningsavgifter og LAN/MVA kompensasjon. I tillegg har aldersbestemt i lag med senior hatt gode inntekter på det største arrangementet – den årlege handballbasaren. Ungane har betalt eigenandel ved bortekampar og foreldre/føresette har bidrege med gode inntekter på kiosksal under heimekampar.

Alle kostnader igjennom året har vorte nøye vurdert, og ein har rimelege løysingar for reise. På bortekampar har foreldre køyrt på dugnad, og på lengre turar har Jotun-bussen vorte nytta, så sant dette har vore mogleg.

---

<b>Postadresse</b>	<b>Besøksadresse</b>	<b>Telefon</b>	<b>Bank</b>
IL Jotun	Jotunhuset, Øvre Årdal		3730.25.00208
Postboks 65	<b>E-Post</b>	<b>Telefaks</b>	<b>Foretaksregisteret</b>
6882 Øvre Årdal	post@iljotun.no		975 702 308



### Senior:

Sidan me ikkje har lønna trenar, så ser me at økonomien vil bli vesentleg betre. Det har vore jobba med å få inn nye sponsorer. Det er innført treningsavgift og avvikla kamplotteri. Kostnadane er haldne på eit lågt nivå, men senior har faste utgifter som skal dekkast. På bortekampar blir Jotun-bussen og privatbilar nytta.

## 11 ANLEGG

Hovudarenaen for trening og kampar er Årdalshallen. Med samarbeidslag, vert også Tangenhallen nytta til trening- og kamparena for heimekampar.

Det er viktig med god planlegging når det gjeld tildeling av halltimar, slik at hallen vert godt utnytta og at alle, så langt det let seg gjere, får oppfylt sine ynskjer for treningstider.

Handballgruppa må ha prioritet når det gjeld bruk av Årdalshallen i handballsesongen.

## 12 OPPGÅVER I ÅRET SOM KJEM

IL Jotun Handball har fått på plass eit «nytt» styre i 2017. Styret har brukt mykje av tida på å setta seg inn i dei oppgåvene dei skal løysa. Styret har komme et stykke på veg, men det er no viktig å få kontinuitet i arbeidet, og halda fram arbeidet med å utvikla handballgruppa som organisasjon. Det må jobbast med rekruttering og auka medlemstal i IL Jotun Handball. Samt å få til gode rammevilkår for trenarar og spelarar slik at klubben kan underbygga målsettingane sine om å være et godt sportsleg alternativ for ungdommane i Årdal.

Kontakten mellom trenarar er blitt betra i 2017, ved at det er etablert eit trenarforum. Fokus på trenarutdanning vert viktig for styret å få lagt til rette for framover.

I tillegg må det jobbast vidare med følgjande punkt også i året som kjem:

- Inntektsbringane tiltak
- Haldningar (hjá trenarar, foreldre og spelarar)
- Dommarutdanning

Det er krevjande å få nok personar med på drifta rundt seniorlaget og mykje jobb fell på nokre få. Det er gjort ein god jobb i 2017, men det må jobbast aktivt vidare også framover for å få fleire engasjerte i organiseringa rundt seniorlaget. Klubben har som målsetting å etablere seg i 3 divisjon, men da må også organisasjonen rundt laget styrkast for å klara det.

---

<b>Postadresse</b>	<b>Besøksadresse</b>	<b>Telefon</b>	<b>Bank</b>
IL Jotun	Jotunhuset, Øvre Årdal		3730.25.00208
Postboks 65	<b>E-Post</b>	<b>Telefaks</b>	<b>Foretaksregisteret</b>
6882 Øvre Årdal	post@iljotun.no		975 702 308



Det må og jobbast med ein strategiplan for handballen for dei kommande åra slik at ein har meir langsiktighet i arbeidet. Dette er et arbeid som styret må starta på i året som kjem for så å engasjere heile handballgruppa i Jotun.

### 13 SPELARUTVIKLING

I 2017 har vi hatt fleire utøvarar med på ulike talentsamlingar, regionale utviklingssamlingar (RUM) og sonesamlingar (SUM), i tillegg spissa gruppe i Bergen.

For å ha god rekruttering til damelaget må det på plass betre samarbeid mellom 13-15 års laga og seniorlaget.

Denne sesongen har fleire spelarar i 15 års alder delteke på treningane med seniorlaget. Dette arbeidet må jobbast meir med, målet er å få til felles trening 1 gang i veka mellom 13-16 år og seniorlaget.

Det er viktig at spelarane får prøve seg på seniornivå og forberede seg på nivået ein møter når ein skal over på seniorlaget.

### 14 SAMARBEID

Det er etablert eit samarbeid med Åtil frå 13 års alder. Dette gjeld både gutar og jenter.

IL Jotun Handball ynskjer å takke sponsorar, gode støttespelarar, trufaste hjelparar og andre som har stilt opp i året som har gått. Skal me lukkast med vidare satsing på topp og breidde innan handballsporten i Årdal, er me heilt avhengige av dykk.

---

<b>Postadresse</b> IL Jotun Postboks 65 6882 Øvre Årdal	<b>Besøksadresse</b> Jotunhuset, Øvre Årdal <b>E-Post</b> post@iljotun.no	<b>Telefon</b>  <b>Telefaks</b>	<b>Bank</b> 3730.25.00208 <b>Foretaksregisteret</b> 975 702 308
--	--	---------------------------------------	--

## VEDLEGG TIL ÅRSMELDING 2017 – LAG OG SPORTSLEGE RESULTAT

### J10 Trenarar: Vibeke Fusche Moe

Jenter 10 er ein ivrig gjeng på 11 spelarar. Me trenar kvar tysdag frå 16.30-17.30. Me deler bane med Jenter 11. Då er me alltid mange på trening, og me får spela kamp mot kvarandre. Det er lærerikt. Me har spelt fire kampar så langt. Diverre har me «mista» fire kampar på grunn av stengde vegar. På kamp og trening får alle prøva seg i ulike posisjonar. Så og seia alle har og prøvd seg som keeper. Det er ein kjekk gjeng å vera trenar til.



### G10 Trenarar: Tonje Stølen Moen og Monica Offerdal Røneid

Me starta opp i haust med 11 spelarar. Gutane var nybyrjarar og me måtte starta med det aller mest grunnleggande når det gjaldt reglar, ballferdigheter og god sportsleg oppførsel både på trening og i kamp. Gutane er veldig ivrige, so det har vore godt oppmøte på treningane. Gruppa har vore prega av at konkurranseinstinktet er veldig høgt. Gutane vil helst bruka heile treningstimen på berre speling, men me som trenarar ser at det er eit stort behov for å fremje lagspelet.

Me har forsøkt å gje dei tilnærma lik speletid og at gutane får prøve seg i ulike posisjonar, både på trening og i kamp. Dette er ei livlig gruppe som krev klare beskjeder og konkrete retningslinjer.

Me vil påstå at gutane har utvikla seg mykje både når det gjeld individuelle ferdigheter og samspel. Me har fått tildelt 1 treningstime i veka og ser at dette med fordel kunne vore utvida.

Foreldra har vore gode samarbeidspartnarar og vore flinke til å stille opp. Noko me har satt stor pris på, da me er avhengige av å vere fleire vaksne for å få det til å fungere best mogleg på trening og i kamp.

Me har spelt totalt 4 kampar. 2 kampar har blitt avlyst pga av stengde vegar. Vunne 1 kamp og tapt 3.

---

**Postadresse**  
IL Jotun  
Postboks 65  
6882 Øvre Årdal

**Besøksadresse**  
Jotunhuset, Øvre Årdal  
**E-Post**  
post@iljotun.no

**Telefon**  
  
**Telefaks**

**Bank**  
3730.25.00208  
**Foretaksregisteret**  
975 702 308



### J11 Trenarar: Vibeke Fusche Moe og Jannike Øyre Nundal

På Jenter 11 er me tolv spelarar. Me trenar kvar tysdag frå 16.30-17.30, og deler da bane med Jenter 10. Torsdag trenar me frå 16.30-18.00. Då deler me bane med Jenter 12. Me er veldig fornøgde med å trena med andre årsklassar. Då får me mykje speletrening, og me lærer av kvarandre. Jentene er i god utvikling, og det er moro å sjå dei utviklar speleforståing. Me har byrja å jobba med overgangar, for å få litt meir å spela på i angrep. Jentene prøver seg i ulike posisjonar og alle får spela like mykje. I april i 2017 var me på vår fyrste handballturnering på Voss. Det var ei god turnering for våre jenter. Jentene trivst godt i lag på tur!



### J12 Trenarar: Heidi Svori

Me avslutta vårsesongen 2017 som jenter 11, på ein god måte. Me vann nokre kampar, og tapte andre. Alle jentene starta igjen etter sommaren, og me er ti jenter i alt. Ei av jentene har dessverre vore ute me ein kneskade heile denne sesongen, men me håpar ho kjem seg til neste sesong.

Me har to treningar i veka: måndagar 15-16, og torsdagar 16.30-18. På torsdagar trenar me saman med J11, og dette har fungert godt. Det betyr og at me alltid kan spele litt på slutten av treningane.

Jentene er positive til å trene, og det sosiale i gruppa fungerer veldig godt. Kvar trening jobbar me med det grunnleggande: kast og mottak, og kast i rørsle. På måndagar jobbar me mykje med skot og teknikk. Denne sesongen har me starta ein del med ulike trekk, slik at me får mange spelealternativ i forsvar. Jentene har og denne sesongen fått meir faste plassar, men dei får og prøve seg i andre posisjonar viss dei har lyst. Pr. 17. januar har me spelt 11 kampar: vunne 5, tapt 5 og spelt ein uavgjort.

Det er ein jamn serie, slik at det blir spanande kampar.  
Me gler oss til å halde fram.

---

**Postadresse**  
IL Jotun  
Postboks 65  
6882 Øvre Årdal

**Besøksadresse**  
Jotunhuset, Øvre Årdal  
**E-Post**  
post@iljotun.no

**Telefon**  
**Telefaks**

**Bank**  
3730.25.00208  
**Foretaksregisteret**  
975 702 308

**J14 Trenarar: Therese Læg Reid og Hilde Midtun. Tal spelarar: 9**

Vi avslutta forrige sesong i jenter 13 med deltakelse på Voss-cup, og fikk ein finfin 2. plass etter tap mot Voss i finalen.

For sesongen 2017/2018 har vi 9 jenter f. 2003/2004, og disse jentene har spela saman sidan oppstart av laget. Dessverre er ei jente langtidsskada, så vi har kun 8 tilgjengelege jenter. I fleire kamper har vi hatt med oss jenter frå Årdalstangen (trener med jenter 15), og uten disse hadde det vore vanskelig med kampavvikling.

Vi trener mandager og onsdager, og onsdagene deler vi hallen med jenter 15. Vi har valgt denne løysingen i år for å kunne få speletrening.

Seriespelet denne sesongen er lagt opp ulikt fra tidligare år. Høstsesongen var det kun 5 lag i puljen, og med enkelt seriespel. Vi gikk på fire tap.

No i vårsesongen er laga fordelt i nye puljer etter plassering i høstsesongen. Det er no 5 lag i pulja, og vi spelar dobbel serie. Det svinger voldsomt i kampane, så det har vorte to sigrar og 3 tap til no.

I øktene vert det fortsatt fokusert på basisøvelser med utgangspunkt i kast, mottak og skudd. I tillegg jobber vi med enkle formasjoner, og små speleøkter.

**J15 Trenarar: Tal spelarar: 15****Vårsesongen:**

Trenarar: Harald Husabø og Ingvald Eriksen

Oppmenn: Ellen Veum og Merete Ylvisåker

Treningstider: Måndagar på Tangen kl. 20-21.30, onsdagar i Øvre kl 16.30- 18.00

Me fullførte 2016/2017 sesongen, j14 med totalt 14 spelarar, ni frå Åtil og fem frå IL Jotun. Det har vore med tre 2003 jenter frå Åtil på laget vårt. Vi har i sesongen hatt fokus på spelarutvikling og hospitering. Dette fekk vi til som fylgje av at ein hadde eit J15 lag der våre jenter fekk muligheit til både trening og kamp hospitering. I tillegg til dette fekk jentene hospitere på trening med damelaget. Dette gjer at dei som ynskte å trene meir fekk muligheit til å trene 3 økter ekstra i veka utover våre 2 økter, samt at dei fekk kamptilbod på j15. Vi fekk og i vårsesongen med spelar som har delteke på regionstiltak.

Vi hadde 3 jenter frå 2003 kullet som og får spele med j13 laget når dei hadde behov for ekstra spelarar. Vi spelte denne sesongen enkel serie mot alle laga frå heile fylket med sluttspel på Sandane. Vi enda på øvre halvdel av tabellen etter seriespelet som var målet vårt 5. plass, vi enda på 7. plass etter sluttspillet. I serien var det få kampar og lang tid mellom kvar kamp. Vi svinga litt i prestasjonane.

Me avslutta sesongen med å reise til Fredrikstad Cup 2-5 juni 2017 som er Norges største turnering. Dette var ei kjekk oppleving med tøff sportsleg motstand, men mange kjekke aktivitetar rundt turneringa.

**Haustsesongen:**

Vi er i sesongen totalt 15 spelarar, 11 frå Åtil og 4 frå IL Jotun. 3 av desse 2003 jenter frå Åtil som og spelar med J14. Vi har 3 spelarar frå 2001 kullet på disp sidan ein måtte trekke J16 laget. Vi har spelt enkel serie i haustsesongen der vi vart nr 3 i vår pulje og skal spele mot dei beste laga i fylket i vårsesongen om krinsmeisterskapet.

Vi har ein treningsvillig gjeng og hatt fortsatt fokus på spelarutvikling og samspel. Fleire av jentene trenar med damelaget for å få ekstra treningar, samt at 2 av 2001 jentene spelar kampar med damelaget. Marita og Mari har begge vist gode prestasjonar og er med på regionsamlingar. Marita er og utteken til bylaget i regionen og til regionalt landslag.

Vi vil avslutte sesongen med turnering til våren.

---

<b>Postadresse</b>	<b>Besøksadresse</b>	<b>Telefon</b>	<b>Bank</b>
IL Jotun	Jotunhuset, Øvre Årdal		3730.25.00208
Postboks 65	<b>E-Post</b>	<b>Telefaks</b>	<b>Foretaksregisteret</b>
6882 Øvre Årdal	post@iljotun.no		975 702 308



#### 4. divisjon damer.

Sesongen 2016/17 enda med 2.plass. Trenarengasjement med Olafur Sveinsson avslutta etter sesongen. Det tok litt tid før ny trener vart avklart. Lene Høsøyen tok på seg hovudansvaret for seniorlaget. Seniorlaget kom seint i gang med treningane sine. Det var og usikkert kor mange som vart med denne sesongen. Med bakgrunn i dette har sesongen så langt vore flott. Laget hadde ein god haust sesong med 6 seierar av 6 mulige. Målsetjinga for denne sesongen er å vinne serien.

